

Sameiet KnaZen
Langheiane 77 – 79
5914 Isdalstø

Alver kommune / Plan, bygg og eigedom. Ansvarleg enhet: Miljø og tilsyn.

Dokument 21/8177 Ynskje om synfaring – gbnr 188/769

Etter å ha sjekka postlista til Alver kommune, korleis saka vår står, er det med undring vi ser at saka vår er lagt under: «Tilsynssak uprioriterte», og utan sakshandsamar. Dette handlar om hendingar som kan gjere skade på helse og eigedom. Med den auka nedbøren som har vore i haust, er det byrja og sildre vatn gjennom dei lave murane, og det har blitt fleire opne sår i skråninga.

Viser til Forvaltningslova Kap.2 §11a. Vårt brev var journalført 22.09.21.

På Alver kommune si heimeside står det:

Kommunen har plikt til å gjennomføre tilsyn i byggeprosjekter. Når vi gjennomfører tilsyn kontrollerer vi i hovudsak om dei ansvarlege føl byggeløyvet og lovverket.

Kommunen kan gjennomføre tilsyn når som helst i løpet av ei byggesak, og inntil fem år etter ferdigattest. Det kan skje på vårt eige initiativ, eller på grunn av melding frå andre. I dei fleste tilfelle vil vi varsle på førehand at vi kjem på tilsyn, men vi kan også komme uanmeldt.

Vi ser fram til eit snarleg svar!

Med helsing

Arne Holm
Styreleiar

90614558

ajholm@online.no

Inge Olav Schaathun
Sekretær

95212964